

## KONTRAKT FOR INTERNATBUARAR VED SYGNA VGS AS - SKULEÅRET 2018/19

**Namn internatbuar:** \_\_\_\_\_ **Fødselsdato:** \_\_\_\_\_

1. Kontrakten gjeld berre så lenge leigaren er elev ved Sygna vidaregåande skule.

2. Prisen for kost og internatleige er:

- kr 6.600,- pr. måned på enkeltrom på internata 1-6
- kr 5.500,- pr. måned på dobbeltrom på internata 1-6
- kr 5.500,- pr. måned på enkeltrom u/bad på internat 7 (UH)
- kr 5.900,- pr. måned på enkeltrom m/bad på internat 8 (OL)
- kr 6.800,- pr. måned enkeltrom med eige bad på internata 1-6

I tillegg kjem skulepengane som varierer for dei ulike utdanningsprogramma.

Dobbeltrom der det bur to personar vert rekna som enkeltrom, dersom den eine av dei to leigetakarane flyttar ut frå rommet i løpet av skuleåret, uavhengig av årsak.

For elevar som må ha spesialdiett, har skulen høve til å krevje ekstra kostpengar for å dekke meirkostnadane. Elevar som treng spesialdiett må levere legeerklæring før skulestart.

- Diett med støtte frå NAV kr. 1200,- pr. måned.
- Diett utan støtte frå NAV kr. 600,- pr. måned.

Skulepengar, kostpengar og internatleige skal betalast innan den 16. kvar måned (første betaling innan 31. august). Faktura vert sendt per e-post og/eller avtalegiro. Ved manglande betaling sender skulen melding (purring) på e-post til foreldra som er økonomisk ansvarlege. Dette gjeld ikkje elevar over 19 år.

Manglande betaling av kost- og internatleige kan føre til utvising frå internatet. Før ev. utvising må skulen ha sendt ei purring til e-postadresse for faktura og skriftleg varsel til den som er økonomisk ansvarleg (sjå internatreglementet).

Eit skuleår vert rekna som 10 månader, f.o.m. august t.o.m. mai.

Ved samanhengande fråvær frå internatet på over ei veke grunna sjukdom, vert kostøre refundert etter søknad. Kostøre er sett til kr 35,- pr. døgn. Det vert òg tilbakebetalt kostøre ved turar som skulen arrangerer viss internatelevane sjølve må betale for maten på turen.

Eleven har ikkje høve til å bu på internatet i feriar og i langhelga i november. Eleven må flytte ut straks skuleåret for vedkomande elev er slutt.

Elevar som avbryt skulegangen i august etter fyrste skuledagen, må betale internatleige- og skulepengar for dei dagane eleven har vore rekna som elev. Elevar som avbryt skulegangen i første termin etter august, må betale internatleige- og skulepengar for den månaden eleven avbryt skulegangen pluss ein heil måned i tillegg. Elevar som avbryt skulegangen i andre termin, må betale internatleige- og skulepengar for den månaden eleven avbryt skulegangen pluss to heile månader i tillegg. Innmeldingspengar vert ikkje refunderte. Viss ein avbryt skulegangen i løpet av skuleåret må eleven vaske og flytte ut frå rommet seinast to veker etter at eleven har avslutta skulegangen.

Dei same reglane gjeld dersom eleven etter søknad får løyve til å flytte ut av internatet. Elevar som vert utvist frå internatet i løpet av skuleåret som følgje av brot på internatreglementet, må betale internatleige for den månaden eleven vert utvist pluss ein måned i tillegg.

Innmeldingspengane på kr 1.000,- er ein del av skulepengane. Dei vert ikkje betalte attende dersom eleven trekker seg frå plassen før skulestart.

Delelevar betaler 50 % skulepengar dersom eleven har mindre enn 50 % undervisning og 100 % dersom eleven har 50 % eller meir undervisning.

Eleven betalar kr 1.500,- i depositum ved utlevering av nøklar til rommet. Dette vert betalt attende når rommet er reingjort, godkjent og nøklane leverte inn. Dersom eleven har ubetalte krav frå skulen, vil depositumet bli nytta til å dekke dette.

3. Elevane må rette seg etter internatreglementet. Eleven må gjere seg kjend med desse reglane og dei reaksjonane som kan verte nytta (sjå [www.sygna.no](http://www.sygna.no)).

Dersom eleven ikkje møter til oppvaskteneste, blir han/ho kravd for kr 125,- pr. måltid. Dersom eleven ikkje utfører fellesplikter i internatet, kan dette medføre trekk i depositum.

Ved utflytting/bortvising frå internatet, eller ved søknad om utflytting/varsel om bortvising, vil det verte gjeve melding til foreldre/føresette. Dette gjeld også myndige elevar når foreldre/føresette er økonomisk ansvarlege.

Internatreglementet inneheld reglar om kva tid eleven skal vere på internatet sitt, ev. elevrommet. Tilsyn kan ta stikkprøver. Av og til vert det gjort kontrollar på heile internat. Utover dette kan ikkje skulen ta ansvar for at eleven er på rett stad til ei kvar tid.

4. Det er ikkje høve til å ha med dyr av noko slag inn i internatet.
5. Eleven har erstatningsplikt for skader og/eller manglar. Merke etter spikrar, skruar, tape og klistremerke vert rekna som skade på hybelen. Møblar og anna inventar på internata skal ikkje flyttast. Supplering med anna inventar krev særskild godkjenning. Det er ikkje lov å ha kjøleskap, mikrobølgeovn, vasskokar og varmeovn på eige rom.
6. Personalet på skulen har rett til å sjekke romma kva tid som helst, både i høve reglement og reinhald.
7. Eleven sine eigedelar er ikkje forsikra av skulen. Desse er normalt dekkja av føresette si innbuforsikring. Dersom eleven har meldt flytting, må ein ha eiga forsikring. Ta gjerne kontakt med eige forsikringsselskap om dette.
8. Eleven pliktar å gjere seg kjend med og å følgje gjeldande branninstruks i internatet.
9. Skulen har rett til å informere føresette eller næraste pårørande dersom eleven vert lagt inn på sjukehus. Dette gjeld òg myndige elevar.
10. Leigeforholdet kan bli sagt opp med ein månads varsel dersom eleven har høgt udokumentert fråvær på skulen.
11. Føresette er økonomisk ansvarleg heile skuleåret dersom eleven ikkje blir 19 år før tidlegast i 2019. Fyller eleven 19 år i løpet av 2018, er eleven sjølv økonomisk ansvarleg heile skuleåret.

Stad og dato:

Bakstrand, 31/5-18

  
Rektor Knut Heng

Stad og dato: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
Elev

\_\_\_\_\_  
Foreldre/føresette (for elevar under 19 år)

E-postadresse for faktura: \_\_\_\_\_